

# NÆBNESHAUGEN SØRE



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

*Ola frå Jakobstugun ved Åbakken var gift med Kari Holshagen, Heidal. Dei bygde ei stugu sør for Næbneshaugen, men flytte seinare til Grovdalen, Langrusten og Amerika. Folketellinga 1865 nemner Haugen søndre, dette er truleg Næbneshaugen. Ole Jakobsen f. 1830 var da utan jordveg, kjerringa hans var Kari Iversdotter f. 1833. Dei hadde barna*

*Rønnaug f. 1855, gift med Amund Flåten og busett der*

*Jakob f. 1859*

*Ole f. 1862*

*John f. 1866*

*Anne f. 1870*

*Mari f. 1876*

*Søre Næbneshaugen var truleg busett berre stutt tid, kyrkjebøkene viser at berre Ole f. 1862 var fødd medan dei budde på Næbneshaugen.*

*I 1865 var det i søre Haugen 2 geit, medan det ikkje er nemnd at dei sådde noko.*

*Kjelder: Folketellinga 1865*

*Anna Randen: munnleg fortalt*

*Utdrag kyrkjebøker for Vågå*